

Politikarane i Fitjar
v/Wenche Tislevoll
Kommunestyret

Samarbeidsutvalet
v/Øvrebygda skule

FITJAR KOMMUNE	
Saksnr	2018/671
5 DES 2018	
Journalnr:	
Saksh:	A:

BREV OM BUDSJETT 2019 OG ØKONOMIPLAN 2019-2022 FRÅ SAMARBEIDSUTVALET VED ØVREBYGDA SKULE

Budsjettet i Fitjar er ein spennande årleg prosess, og fokuset har blitt veldig på økonomi og nedskjering og mindre på korleis me skal få til ein god og framtidsretta skule i Fitjar.

Kvart år har politikarane klart å finna løysingar slik at me har kunne driva skule innanfor forsvarlege og føreseielege rammer. På skulen vår står medarbeidarane på for å få ein god skule for elevane i skulekrinsen.

Samarbeidsutvalet er klar over dei store økonomiske utfordringane kommunen står opp i. Likevel må prinsippet i barnekonvensjon stå sterkt der barnas beste skal vera som ein lede-tråd gjennom alle vedtak som vert gjort.

Skulen legg vekt på fagleg utvikling og at elevane skal trivast i eit godt læringsmiljø. Difor har me hatt tradisjon for å gjera ein del aktivitetar på tvers av klassestega, og såleis gjera dei yngste trygge på dei eldste. Samstundes er det god sosial trening for dei eldste til å ta ansvar og vera gode læringsvenner for dei yngste. Dette har vore kjenneteiknet for Øvrebygda skule i mange år. Skulen er også eit viktig samlingspunkt for bygda, og det er stor aktivitet etter skuletid.

I år er det også lagt inn at 7.klasse skal flyttast til Rimbareid skule. Dette er eit reint økonomisk tiltak for å spara pengar. Resultatet for skulen og elevane vert negativ

Resultatet for elevane vert:

1. Me arbeider etter kompetansemåla etter 7. klasse og dei er ikkje nødvendigvis samkøyrd mellom skulane. Elevane vil såleis få ulik veg til kompetansemåla utan at me er sikre på i kva grad dei lærer det dei skal.
2. Dei mister eit år der me har gode erfaringar med tettare oppfølging av elevane. I 7.klasse går dei i ein rein klasse utan at dei må ha mange timar i samanslåtte klassar.
3. Normalt vert det laga nye klassar på Rimbareid skule når alle kjem saman i 8. klasse. Det er ikkje sagt korleis dette skal gjerast. Kva med elevane frå Selevik som ikkje skal flyttast over?
4. Forsøket med å flytta 7. klasse har blitt gjort ein gong tidlegare med negative erfaringar ,og tiltaket blei avvika året etter. Desse erfaringane må ein også ta høgde for.
5. Det ligg ein potensiell utgiftsauke med store klassar som fører til at elevar som elles ikkje treng så mykje hjelp, kan få det i større grupper.

Resultatet for skulen vert:

1. Me mister ei viktig gruppe på skulen vår som deltar i fellesaktivitetar som betyr så mykje for skulen vår. Dette byggverket blir då heilt annleis, og større arrangement på skulen vår, vert mykje vanskelegare.
2. Skulen vert endra frå ein firedelt skule til ein tredelt skule i ein budsjettprosess.

Nedtrekket på 25.000 kr i driftsmidlar fører til mindre til innkjøp av læremidlar og utstyr. Skulen driv med stram drift, og me klarer oss inn forbi den ramma som vert sett, men utan auke i postane og med nedskjering, vert det mindre innkjøp av utstyr til elevane.

Me håper at politikarane ser på løysingar som ikkje har kome fram i budsjettframlegget frå rådmannen.

Samarbeidsutvalet er sterk uroa for at rådmannen legg opp til nedlegging av skulen i langtidsbudsjettet som vil ha direkte innverknad på vedtak i skulebruksplanen. I ei så viktig sak må ein bruka meir tid.

Fitjar, 30.11.2018

-rektor-



- leiar i SU Øvrebygda skule-